



# Årsmelding for Vest-Telemark Museum 2012

- Økonomiske stoda
- Overordna mål og føremål
- Langsiktige mål og strategiar
- Årsrapport 2012
- Rapport kulturelt mangfald og inkludering
- Kommentar til rekneskap og balanse
- Budsjetframlegg 2014 – nye tiltak

Vedlegg revidert rekneskap 2012, arbeidsbudsjet 2013 og budsjettsøknad 2014

## Økonomiske stoda

Årsrekneskapen er revidert og viser ei drift i hovudsak i tråd med budsjett og driftsplan, og viser eit negativt resultat på 178.550,-. Dette er som budsjettet og vert dekt inn av eigenkapitalen. Dei økonomiske rammene for drifta vert opplevd som stramme og fordrar strenge prioriteringar. Dei faste offentlege driftstilskot kjem inn som budsjettet, og utgjorde i 2012 63,1 % av samla inntekter, mot 70,9 % i 2011. Av dei offentlege tilskotta utgjere statleg bidrag 50,9 %, medan fylke og kommunar bidreg med høvesvis 25,4 og 23,7 %.

Vidare styrking av eigeninntektene for å sikre driftsgrunnlag og vidare utvikling av museet er prioritert. Budsjettmål var kr. 3.350', medan resultat viser kr. 3.610'. Dette er ein betydeleg auke frå året før, men heng saman med opninga av nye VTM-Eidsborg frå juni. Salsutviklinga fordeler seg ulikt, med ein inntektsauke på mat 34,4 %, billetter 40,5 %, medan det er ein nedgang i boksal på 4,8 % og suvenir på 4,5 %. Samla bruttoforteneste var 43,3 % mot 46,4% og 44,6% dei to føregåande år. Denne negative utviklinga ligg særskild i suvenir, der ein strevar med til dels store og ukurante varelager. Bruttofortenesta på mat isolert vart betra i 2012.

Prosjektfinansiering auka betydeleg, og ein inntektsførte i 2012 kr.1.457', mot kr. 724' i 2011 og kr.206' i 2010. Dei største prosjekta var slutføring av Sørpol-jubileet, Guidekorps Øvre Telemark, støtte frå OED til formidling krafthistorie og formidlingsplan Vrangfoss. Gjennom desse fekk ein utført viktig utviklingsarbeid og styrkt organisasjonen.

Personalkostnadane auka frå 2011 med 9,9%, og utgjorde i 2012 55,8 % av total mot 59 % og 56,3 % i dei to føregåande år. I tillegg er om lag to årsverk knytt til nybygg og utstillingar Nye VTM-Eidsborg, og aktivert i dette prosjektet. Auken i personalkostnadar er knytt til ferdigstillinga og heilårsope i Eidsborg, og generell lønsauke. Pensjonskostnadane utgjorde 8,54 % av samla lønsmasse, mot 7,63 % i 2011 og 6,51 % i 2010.

I høve til likviditet har drifta balansert dei siste år, og det har ikkje vore trong for å ta opp driftskreditt. I samband med byggjeprojektet kom tilskotta inn i tråd med plan og påkome kostnadar.

Det vidare inntektsspotensiale er enno usikkert. Det er ei utfordring å halde oppe ein heilårsaktivitet, særskild knytt til kafè og helgebemannig. Dette vert løpande vurdert, og ein må sjå 2013 som eit prøveår. Auka frå departement og fylke i samband med FDV-kostnadar frå 2013 var svært viktig å få på plass, men ein må vurdere den utadretta aktiviteten opp mot behovet i alle delar av verksemda.

Med resultatet for 2012 er den frie eigenkapitalen til stiftinga kr. 867.134,-, mot kr. 1.045.683,-' i 2011. Styret og leiinga ved museet har fokus på eigenkapitalen i det vidare budsjettarbeidet. Ein vurderer økonomistyringa som god.

Styret vurderer føresetnadane for det statlege tilskottet som oppfylte.

## Overordna mål og føremål

### Hovudmål 2013-2015

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.

Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

- trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.
- arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.
- leggje til rette for forskning og formidling i tilknytning til samlingane.
- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.
- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

## Langsiktige strategiar og planar

### Resultatmål 2013-2015

#### Drift og utvikling

- vidareutvikle NSE og VTM – Eidsborg som heilårsope museum
- arbeide for heilårsope kunstmuseum for regionen
- auke egne salsinntekter i 2014 til kr. 4,0 mill.
- styrke marknadsarbeidet og prioritere 2 % av budsjettet til dette
- styrke faglege ressursar innan formidling, vedlikehald og kjeldearbeid
- gjennomgå organisasjonsplan og ansvarsområde
- kurse og vidareutdanne personalet
- vere aktiv deltakar og utviklar av faglege nettverk
- vidareutvikle HMS/IK-planarbeidet

#### Samling

- drifte det nye fellesmagasinet med klare rutiner for mottak, prioritere flytting av samlingar og gjennomgang av registrering

- avslutte Myklestogo som magasin
- avslutte mellombelse magasin
- rullere samlingsforvaltningsplan for VTM
- gjennomføre ei restriktiv innsamling med prioritering av dei tematiske satsingsområda folkekunst og skikultur, 1900-talsmateriale og styrking av dei eksisterande temasamlingane
- gjere samlingane tilgjengeleg med DigitaltMuseum
- etablere kjeldesenter for regionen med faglege ressursar privatarkiv og fagbibliotek

#### Forsking og dokumentasjon

- prioritere oppfølging av faglege førespurnader innan våre fagfelt
- stimulere til forsking innan våre fagfelt gjennom å setje av eigne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- vidareføre stipendordninga for forsking på kultur- og kunsthistoriske tema frå regionen
- stille våre kjelder digitalt tilgjengeleg

#### Formidling

- produsere utstillingar og arrangement som stimulerer til kritisk refleksjon og skapande innsikt
- auke tilgjenge til musea med revidering opningstider og tilrettelegging for funksjonshemma
- vektlegge aktivitetsutvikling og formidling til born og unge
- vektlegge heimesida som informasjons- og formidlingskanal for museet
- prioritere aktivitetsbasert læring, auka bruk av rekvisittar og sosiale media
- utvide skuletilbodet med fleire pedagogiske opplegg
- styrke samarbeidet med DKS
- styrke opplæringa av dei sesongtilsette formidlarane, utarbeide betre ressurspermar og formalisere kurs

#### Vedlikehald og sikring

- gjennomføre prioriterte vølingar antikvariske bygg og kulturlandskapstiltak
- utarbeide vedlikehaldsplan med oversyn over trong, prioriteringar og løysingar
- etablere realistisk rullering for vedlikehaldet
- styrke kompetansen innan bygningsvern
- følgje opp alarmanlegg teknisk og sikringsrutiner

## Årsrapport 2012

### Særskilde føresetnadar 2012

1.juni 2012 opna VTM det nye anlegget i Eidsborg for publikum, og fyrste halvår var hovudoppgåva bygging av utstillingar og ferdigstilling publikumsfasilitetar. Frå opning har anlegget hatt ope kvar dag, og saman med oppfølging av nybygget har dette sjølvstøtt vore med å setje preg også på siste halvår. VTM har fått mykje positiv merksemd, og vart også kåra til Årets Museum 2012.

### Forvaltning

På samlingsavdelinga gjekk arbeidet vidare med ordning og gjennomgang av materiale på fellesmagasinet. Særskild prioritet var tekstilsamling og overføring av gjenstandar frå Fyresdal Bygdemuseum. Ved gjennomgang vert registreringar komplettert og lagt ut på DigitaltMuseum. Ein har hatt to fotoprojekt gåande, eit med registrering av gamle bilete i Fyresdal i samarbeid med kommunen der og eit på fotomaterialet etter Tokkeanlegga. Elles gjekk mykje av tida på avdelinga til førebuing av gjenstandar til utstilling, og etterarbeid med registreringsbilete. Samlingsplan vart rullert.

Våren 2012 vart prosjektet med ordning av arkivet frå Åmdals Verk Gruver slutført, og publisert på Arkivportalen. Dette var ein viktig start på det praktiske arbeidet med privatarkiv ved museet. Etter lenge å ha vore depotinstitusjon for arkiv i mangel av anna, fekk ein gjennom prosjektet rekruttert og bygd kompetanse, i fagleg nettverk med Statsarkivet på Kongsberg og Norsk Industriarbeidermuseum, og fekk på plass infrastruktur og verktøy for arbeidet. Som rapportert om tidlegare er dette eit udekt felt, og det vert arbeidd for at musea i Telemark kan ta ansvar for dette. Fylkeskommunen løyvde frå 2013 eit halvt årsverk til VTM og NIA som ei byrjing, og ein vonar ein i løpet av 2013-14 kan få kommunane og departementet med på ei fullfinansiering av stillingane jf. prioritert tiltak budsjettsøknad.

Sikringsarbeidet vart gjennomført etter plan med rutinar og teknisk tilsyn. I tråd med plan vart nytt varslingsanlegg for Kviteseid bygdetun prosjektert og søkt finansiering på. Under føresetnad av at midlar kjem på plass, vert nytt anlegg realisert i 2013. Vidare skal ein dette året prosjektere og søkje finansiering til sikring av gruvevandringane på Åmdals Verk Gruver og særskild langturen der. På Øyfjell bygdemuseum sette ein i gang program med klimamålingar sommaren 2012, og naudsynte tiltak gjennomført i etterkant.

Vedlikehald av bygg var avgrensa i 2012, då mykje av bemanninga var bunde opp til utstillingsbygging. Ein fekk likevel slutført prioriterte tiltak: Tveitenstoga vart ferdigstilt og opna for publikum etter ei omfattande vøling. På Åmdals Verk Gruver vart bordtak vøla på bygningane, i Fyresdal vart to utvendige trapper og låvebru stelt, og i Kviteseid vart grunnmuren til plasstoga vølt. Seinhaustes vart Liosmia restaurert og sett opp. I tillegg kjem prosjekt på restaurering av vindauge, og ei rekkje mindre tiltak.

Ein opplever eit etterslep på vedlikehaldet, og det er naudsynt med ei styrking av denne delen av verksemda. Organisatoriske endringar og prioritering av kompetanseutvikling er eit fyrste grep, men ein

ser også på andre løysingar og samarbeid for å kunne styrke ressursane og også spele ei meir aktiv rolle i samband med bygningsvernarbeidet i regionen.

## **Forsking**

Viktigaste eige arbeid innan feltet var slutføring av sledeprosjektet i samarbeid med Norsk Handverksutvikling/SIKA. Dette vart avslutta og publisert i desember, og var det siste av i alt tre samarbeidsprosjekt. Elles gjekk dokumentasjons- og bokprosjektet om rosemålareren Knut K. Hovden vidare, med planlagt lansering mai 2013. Nytt er at ein også utvidar prosjektet til å omfatte ei større utstilling.

Eksterne førespurnader etter våre kjelder og samlingar er bistått så langt som råd. Det er gjort avtale om å bidra med illustrasjonar til det nye verket om Telemarks historie som kjem i 2014, og elles er det førespurnadar frå studentar, lokalhistorikarar og forskarar.

Inntaksstoppen i høve til vidare innsamling er ikkje absolutt, men oversikt og ordning i eigne samlingar er prioritet jf. avsnitt forvaltning. Ein har ikkje utarbeidd eigen forskingsplan for VTM, men tiltak og prioriteringar vert gjort i den årlege driftsplan.

## **Formidling**

Det er store endringar i besøksutvikling 2012 samanlikna med føregåande år. Det totale besøkstalet viser ein nedgang på 16 % for alle einingar samla, medan det er ein oppgang på 27 % i antal selde billetter. Bakgrunnen er todelt: Generelt svak reiselivssommar i 2012 for regionen, men samstundes har me frå 1.juni opninga av det nye museet i Eidsborg – som hadde eit svært godt besøk og der hovudtyngda av billettsalet fann stad. Også innan gruppebesøket var det nye og store utslag. Frå ein negativ tendens gjennom fleire år, gjekk dette opp 28 % for vaksne. Dette besøket var i hovudsak til Eidsborg. Gruppebesøket av born gjekk derimot sterkt ned, med heile 39 %. Dette skuldast bortfall av dei største opplegga frå 2011: opplegg knytt til Sørpoljubileet og VM i Telemark, og snomangel hindra Ski i skulen.

Det er framleis ein stor samla aktivitet på våre einingar. Det var gjennom året 115 opne møte og arrangement, 16 konsertar og to skodespel med tilsaman tre framsyningar. Dette er ein auke på vel 6 % frå året før. Det var ingen større endringar i opningstider, bortsett frå det nye heilårstilbodet i Eidsborg.

Året var også prega av store utstillingsarbeid. Til nye Eidsborg vart det bygd og opna 4 basisutstillingar på tilsaman 500 rutemeter. I tillegg har ein her avsett areal for temporære utstillingar, for slik å halde attraktiviteten vedlike og å kunne yte eit mangfaldig og variert tilbod til vårt publikum. Til opninga presenterte ein Maktens Bilder laga av Norsk Rettsmuseum, og i oktober opna me samtidskunst ved Kurt Johannesen produsert av Nasjonalmuseet. Heilt ny type utstillingar for vårt faste publikum, som vekte ulike reaksjonar. På Norsk Skieventyr vart storsatsinga New School opna, i tillegg til ny utstilling om fakkelelden knytt til vinter-OL. Vidare vart det gjenopna ei basisutstilling på Dyre Vaa samlingane, 9 temporærutstillingar på dei andre einingane, og ei ny vandreutstilling om ski-og polarhistorie.

1.september fekk VTM endeleg formidlingsansvarleg att etter å ha måtta prioritert desse lønsressursane til utstillingskonsulent under byggjeprojektet. Arbeidet opp mot DKS, skulekontakt og utvikling av

pedagogiske opplegg måtte i stor grad byrje på nytt att etter det lange opphaldet, og det har vore ei utfordring å koma i forkant av særskild ekskursjonsplanlegginga til skulane. Men ein fekk gjennomført opplegget med Jol i gamle dagar med god oppslutnad, og viktig grunnlag er på plass for det vidare arbeidet.

Heimesida er framleis den viktigaste kanalen for digital formidling og kontakt, og hadde ei auke med 14 % i unike treff. Framleis er tre av einingane aktive på Facebook, og Youtube vert også nytta i formidlinga. Digital publiseringsløysing og interaktivitet er også berande i den nye New School-utstillinga, som omhandlar den nye skileiken og brett- og twintip-generasjonen.

## **Fornyng**

Viktigaste hending i 2012 var opninga av det nye Vest-Telemark Museum i Eidsborg. Dette har vore eit langsiktig mål og arbeid, er svært viktig for arbeidsmiljø og arbeidsfasilitetar, tenesteproduksjon og tilbod til publikum. Gjennom det nye anlegget har ein fått langt betre føresetnadar for vårt arbeid, og for vidare utvikling.

For sjølv om nybygget husar den eksisterande aktiviteten og fellestenesteapparatet for musea i regionen, har det også potensiale for vidare utvikling og fornyng gjennom det fagmiljø, dei tenester og tilbod ein utviklar og den samfunnsrolla VTM vil spele. I tillegg til utviklinga av formidlingstilbodet ved eininga ovanfor skulane, lokalbefolkning og tilreisande, ser ein i fyrste omgang særskild privatarkiv og bygningsvern som felt der VTM kan og bør spele ei særskild rolle – både ut frå behov i regionen, og gjennom dei høve som det nye anlegget og kompetansemiljøet ved museet gjev.

Privatarkivsituasjonen vart påpeika i førre rapportering, og er prioritert i budsjettsøknaden for 2014.

Når det gjeld bygningsvern er det fleire utfordringar framover, både for museet og for regionen og fylket. VTM har sjølv arbeidd for å kunne etablere ei realistisk rullering av vedlikehaldet. Men det er svært avgrensa kva ein kan få til med dei bemanningsressursar ein har til rådvelde og det er også naudsynt å styrke kompetansen. Men dette er også ei utfordring for regionen og Telemark som heile. Her finn ein ma. landets største konsentrasjon av mellomalderhus i tre. Størstedelen er i privat eige, og det er store kulturhistoriske verdiar knytt til dette. Vidare er ein no i innspurten med Verdsarvsøknaden for industriaksen Rjukan-Notodden, og med dette store forplikingar om ivaretaking av også bygningsmasse og bygningsmiljø.

Samstundes som ein har desse store restaurerings- og vedlikehaldsoppgåvene, ser ein at tilgangen på kvalifiserte handverkarar er ei stor utfordring. Denne vil ikkje bli mindre i åra som kjem. Det er allereie ein del år sidan Riksantikvarens mellomalderprosjekt, og dei som deltok i dette vert stadig eldre. Førebels er det ein dialog mellom kulturminnevernet i fylket, VTM, NIA og Telemark Museum på korleis ein kan saman bidra til løysing av dette. VTM har kompetanse, nettverk og fasilitetar å bidra med i eit eventuelt opplæringsprogram, samstundes som ein ser me også kan dra nytte av dette i eiga utvikling.

Dette er viktig fornyings- og utviklingsarbeid som er i kjømda. Elles vil ein rapportere om vidare reiselivsutvikling gjennom eigen reiselivsplan, og deltaking i Virke sitt prosjekt Synlege og

bookbare museum. I 2012 starta også opp det toårige prosjektet Guidekorps Øvre Telemark, som skal utvikle opplæring og rekruttere guidar til natur- og kulturbaserte opplevingar. VTM har prosjektleiar på dette, og samarbeider mellom anna med Høgskulen i Telemark.

Våre samarbeidspartar og nettverk er mykje dei same som presentert i tidlegare rapporteringar. I tillegg har ein innleidd samarbeid med Regionalpark Telemarkskanalen, og på oppdrag utarbeidd formidlingsplan for Vrangfoss. Det vert drøfta vidare samarbeid og prosjekt. Vidare er det etablert eit næringssamarbeid mellom Norsk Skieventyr i Morgedal, Vierli på Rauland og Gaustablikk om attraksjonsutvikling særskild retta mot den nye skileikgenerasjonen. Prosjektet er kalla Telemark 2.0.

Internasjonalt arbeid dette året var særskild utarbeiding av eit undervisningsopplegg på skikultur og Telemarkshistorie for det norsk-amerikanske miljøet i Midt-Vesten. Prosjektet var i samarbeid med Hjalmar Johansen vgs, og finansiert av fylkeskommunen. Prosjektet vart avslutta i desember, og ein er no førespurt om å ta eit treårig prosjekt vidare for å utvikle og styrke relasjonane med Midt-Vesten.

### **Stemmeretts- og Grunnlovsjubileet 2013 og 2014**

Det er utarbeidd utstillingsprosjekt på både Stemmerettsjubileet 2013 og Grunnlovsjubileet 2014. Desse er begge planlagt i samarbeid med NIA og TM, der kvart museum skal produsere ein lokal utstillingsdel i tillegg til felles formidlingstiltak.

Til Stemmerettsjubileet 2013 utarbeider me ei felles utstilling, der kvart museum bidreg med ein eigenprodusert del ut frå perspektivet til det respektive museum og lokal historie. Vårt utgangspunkt er kampanjen som vart gjennomført i samband med folkerøystinga over 7.junivedtaket i 1905, og betydinga denne hadde for utviklinga av ålmann stemmerett.

Til Grunnlovsjubileet skal dei tre musea med utgangspunkt i sine egne prosjekt utarbeide eit felles skuleopplegg, som skal bli formidla til alle ungdoms- og vidaregåande skular i Telemark. Dette skal skje i samarbeid med Kulturskatten/DKS. VTM sitt prosjekt er ei utstilling om Talleiv Huvestad, einaste bonderepresentant frå Telemark på Eidsvoll. Han var ein fargerik og allsidig person, som hadde ein særmerkt posisjon lokalt. Det er lite kunnskap om Huvestad som person, og prosjektet har som mål også å framskaffe meir kunnskap om hans rolle på Eidsvoll.

### **Den kulturelle skulesekken**

Det var i 2012 berre *Jol i gamle dagar* og nokre mindre lokale tilbod av våre pedagogiske opplegg som var knytt opp til DKS. Som nemnd ovanfor var me fram til 1.september utan formidlingsansvarleg, og me arbeider no difor for å koma inn igjen med faste opplegg.

### **Likestilling**

VTM arbeider for å fremje likestilling og lik løn for likt arbeid og ansvar. Dette reflekterer kjønnsfordeling både mellom dei tilsette og styre. Mellom dei tilsette var det i 2012 50,9 % kvinner, og i styret er fordelinga 50-50.

### **Immateriell kulturarv**



Vidareføring av handlingsboren kunnskap er framleis vårt viktigaste bidrag til ivaretaking av den immaterielle kulturarv. I dette er samarbeidsprosjekta med Norsk Handverksutvikling/SIKA om tradisjonell skimaking, hudsko og sledar dei viktigaste. I tillegg til opplæringa, vert kunnskapen aktivt bruka vidare i formidlinga ved museet.

Ved fleire av arrangementa på våre museum er demonstrasjon av handverk ein del av aktivitetstilboda, og dette vert også trekt inn i nokre av dei pedagogiske opplegga. Ein vil også nemne at ein har under prosjektering ein aktivitetspark for barn og unge der utprøving av gamle handverk og handverksteknikkar er det berande element.

### **Universell utforming**

Dette ligg til grunn i all ny utstillingsplanlegging og tiltak, og vart gjennomført i alle delar av prosessen med det nye anlegget i Eidsborg. Det er likevel ein dei eldre utstillingsbygg og elles dei gamle bygningane der ein ikkje kan seie det er universell utforming. Nokre av desse vil det heller ikkje vere mogeleg å tilfredsstille definerte standardar. Elles ligg WAI-standarden til grunn for utforminga av heimesida.

## **Rapport kulturelt mangfald og inkludering**

VTM legg vekt på å vere opne og tilgjengelege for alle, og arbeider for å knyte nye grupper til museet. Samarbeidet med Vaksenopplæringa sine norskkurs gjekk vidare, og ein har hatt tilrettelagde innføringar i lokal historie og tradisjon. Elles har me hatt einskilde temadagar med mat frå ulike land.

Inkluderingsarbeidet til VTM omfattar framleis også korleis me arbeider. VTM er IA-bedrift, og fortsette i 2012 det tette samarbeidet med NAV i regionen om hospitering, arbeidsavklaring og tilrettelagde arbeidsplassar.

Gjennom dei nye utstillingane freistar ein også å skape ei tilbod til fleire grupper. New School-utstillinga som vart realisert i 2012 er eit døme på dette. Elles vil ein trekke fram temporærutstillingane som ein satsar på i Eidsborg der nye tema og målgrupper har vore viktig.

## **Kommentar til rekneskap og balanse**

Årsrekneskapen er meir utfyllande kommentert under kapittel om den økonomiske stoda. Underskotet var budsjettert, og er planlagt dekt inn av den frie eigenkapitalen. Som rapportert om i fjor er det særskild dei to låna knytt til kjøp av Norsk Skieventyr og Tokke kommune si finansiering av utbygginga i Eidsborg som påverkar balansen. Dette gjere revisor greie for i sine noter til rekneskapen.

Varelager er redusert til kr.1.766' mot kr.1.865' føregåande år. Ein har store utfordringar med eit til dels utdatert varelager på suvenir og endringar i kjøpemønster hjå våre gjester. Bruttoforteneste på suvenir

er i 2012 heilt nede i 23,2 %, og dette skuldast at ein har vore nødt til å selje ut varer til sterkt rabattert pris.

Synleggjort som gjeld/ikkje disponerte inntekter ligg også kr. 718' til ikkje realiserte prosjekt, og kr. 127' i avsett fond til innkjøp til samlingar.

## Budsjettframlegg 2014 – nye tiltak

**Tiltak:** Prioritert for 2014 er ressursar til Privatarkiv Telemark. Det er lagt opp ein plan og ei organisering som dekker heile fylket, og med ein strategi for å byggje opp ressursar til arbeidet. Ein viser til tidlegare rapporteringar og budsjettsøknad for 2013, og elles budsjettsøknadar frå Norsk Industriarbeidermuseum og Telemark Museum. Det har lukkast å lyfte saka opp administrativt og politisk i fylket, og førebels er det løyvd midlar for to år til eit halvt årsverk kvar ved VTM og NIA. Det ligg i vedtaket intensjon om vidareføring av desse midlane og ei vidare satsing på privatarkiv, men dette er under føresetnad av at ein også får bygd opp under med ressursar frå andre. Ein søker difor om eit driftstilskott av storleik kr. 300' frå 2014 knytt til privatarkivarbeidet, for å kunne fylle eit slikt mandat for regionen.

Målsetjing er at ein for VTM innan 2015 har på plass to årsverk med arkivarkompetanse med finansiering frå dei tre forvaltningsnivå. Tenesta skal geografisk dekke dei seks kommunane i Vest-Telemark, dei same som VTM har ansvar for. Føresetnad er fagleg nettverk med arkivressursane ved NIA og TM, og koordinering gjennom Statsarkivet.

Grunngjevinga for å skulle byggje opp ei privatarkivteneste ved VTM er samansett:

- Ressursane er naudsynte for å kunne fylle eit no udekt felt i regionen. Musea i Vest-Telemark har fungert som depotinstitusjonar for privatarkiv sidan det ikkje har vore noko alternativ. Dette trass i at det ikkje er gjeve noko mandat til musea om å ta ei slik oppgåve, og heller ikkje vore ressursar til dette arbeidet. Slik har det heller ikkje blitt gjort noko systematisk prioritert og planmessig innsamling av privatarkiv. Mykje viktig materiale er allereie gått tapt, og mykje vil gå tapt om ein ikkje får på plass ei ordning.
- Statsarkivet på Kongsberg er koordinerande faginstans for privatarkiv i Telemark, eit mandat gjeve av Riksarkivaren, men har ikkje ressursar til noko aktivt arbeide. Statsarkivet seier sjølv at det berre i heilt særskilde tilfelle er aktuelt for dei å ta inn, ordne og formidle privatarkiv frå Telemark.
- Det er viktige faglege argument for å gje musea i Telemark ansvar for privatarkiv. Lokalkunnskap, nærleik og tillit frå dei ulike arkivskaparane er viktig for å kunne sikre at viktig materiale vert teke vare på og formidla for ettertid. Nærleik til brukarane er også viktig, og ein føresetnad for aktiv bruk og aktivitet knytt til arkiva. Det er også ein særskild kvalitet og dimensjon å kunne samle inn og formidle arkivmateriale, fagbibliotek og gjenstandsamling på ein stad; dei ulike kjeldene vil gje auka kunnskap og oppleving i ljøs av kvarandre. Musea har også tangerande kompetanse gjennom samlingsforvaltninga ved musea på innsamling, dokumentasjon, magasindrift og formidling, og styrka arkivkompetanse og –ressursar vil gje gjensidig sterkare fagmiljø og fagfellesskap.
- oppbygginga av privatarkivordning for Vest-Telemark vil ikkje fordre investeringar. Både lesesal, magasin og naudsynte tilleggsfasilitetar er allereie på plass.

- tilbodet vil vere eit viktig tillegg til våre brukarar og byggje opp under det utadretta heilårstilbodet ved det nye anlegget i Eidsborg

Eit positivt tilsegn frå departementet vil ha stor betyding for det vidare arbeidet. Det vil vere med å sikre og forplikte kommunane og fylkeskommunen sitt vidare engasjement i dette.

#### Budsjett

To årsverk arkivarar inkl. sosiale utgifter	1150'
Årlege driftsutgifter	200'
<u>Kurs og fagleg nettverk</u>	<u>50'</u>
<u>Sum</u>	<u>1.400'</u>

#### Finansieringsplan

Telemark fylkeskommune (vedteke)	300'
Kulturdepartementet frå 2014	300'
Telemark fylkeskommune frå 2015	300'
Kommunale bidrag frå 2014	300'
<u>Eigenfinansiering frå 2014</u>	<u>200'</u>
<u>Sum</u>	<u>1.400'</u>

For Stiftinga Vest-Telemark Museum

Eidsborg 27.03.2013

Torgrim Otterholt, styreleiar

Harald Aune, nestleiar

Ingerid Hayes, styremedlem

Hanne Roholdt, styremedlem

Terje Nilsen Haugen, styremedlem

Magnhild Ek Brynilsen, tilsettes representant